



Egil Magnar Eidsnes
Eidsnesvegen 107 B
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2045 - 18/28531

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

18.09.2018

Avvist søknad om arealoverføring - gbnr 215/2 og 18 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 497/18

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 03.07.2018.

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 300 m² frå gbnr.215/2 til gbnr 215/18.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Søknad om dispensasjon i frå planføremålet LNF. Arealet som er søkt overført er i kommuneplanens arealdel sett av til LNF-føremål med hovudfokus på landbruk. Det går fram av søknad at arealet skal overførast til bustadeigedom og er difor ikkje i samsvar med LNF-føremålet.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om arealoverføring

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



frå gbnr.215/2 avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913
B

EIKANGERVÅG